



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
19/081	FORMANNSKAPET	12.09.2019
19/051	KOMMUNESTYRET	26.09.2019
19/087	FORMANNSKAPET	17.09.2019

Tildeling av einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS - tømning av slam

Vedlegg i saka:

15.08.2019	Lov og forskrift om off.ansk. med komm. 2018	107602
15.08.2019	Notat - Avfall Norge	107603
15.08.2019	Professor Hjelmeng - kommunale-enerettigheter-i-avfallssektoren	107604
15.08.2019	220208 SELSKAPSAVTALE SUM vedteken av representantskapet 040403 m komm. vedtak - folketal 01.01.08	107606
15.08.2019	Protokoll_represesentantskapet_26_april_2019	107605

TILRÅDING:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Naustdal kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for utføring av kommunen sine lovpålagte oppgaver med grunnlag i ureiningslova § 26 første og tredje ledd med underliggende forskrifter.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

12.09.2019 FORMANNSKAPET

Handsaming:

F-19/081 Vedtak:

Saka vert utsett til møte 17.09.2019

17.09.2019 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Anne Britt Øyra gjekk frå som inhabil : Formannskapet slutta seg til det.
Tilrådinga samrøystes vedteken

F-19/087 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg til Kommunestyret:

1. Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Naustdal kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for utføring av kommunen sine lovpålagte oppgåver med grunnlag i ureiningslova § 26 første og tredje ledd med underliggende forskrifter.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

SAKSORDFØRAR: Åsmund Berthelsen

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

K-19/051 Vedtak:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Protokolltilførsel til saklista/møtebok frå kommunestyremøta:

Representanten Ole Erik Thingnes ber om at møtebok frå kommunestyremøta vert sendt til kommunestyrerepresentantane før den vert signert, slik at representantane kan kome med innspel. Dagens praksis med å signere møteboka i møtet, før den er ferdig skriven, er ikkje heldig.

Bakgrunn for saka:

Ved vedtak i sak 043/19 i møte i formannskapet den 29.08.2019 vart Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) tildelt einerett for utføring av kommunen sine lovpålagte oppgåver med grunnlag i ureiningslova § 29 tredje ledd og § 30 med underliggende forskrifter (handtering av hushaldningsavfall og kloakkslam). Den tildelte eineretten

omfattar ikkje kommunen sine lovpålagte oppgåver i høve *tømming* av slam, jf. ureiningslova § 26 første og tredje ledd. SUM har oppmoda om at einerett blir tildelt også for desse oppgåvene. Når det elles gjeld bakgrunnen for saka, blir det vist til i saksutgreiinga for sak om tildeling av einerett til SUM – hushaldningsavfall og kloakkslam, sak 043/19 som også er dekkande for denne saka, jf. vedlegg.

Ureiningslova §26 første, andre og tredje ledd:

§ 26.(kommunal tømming av slam fra slamavskillere (septiktanker), privet m.v.)

Kommunen skal sørge for tømming av mindre renseinnretninger som slamavskillere og samleummer for avslamming av sanitært avløpsvann og overvann. Det samme gjelder for oppsamlingstanker med ubehandlet sanitært avløpsvann.

Kommunen skal også sørge for nødvendige anlegg for tømming av avløpsvann fra bobiler, fritidsbåter m.v.

Kommunen skal sørge for tømming av privet i tettbygd strøk, og utenfor tettbygd strøk i den utstrekning kommunen bestemmer det.

Saksutgreiing:

Rettslege utgangspunkt

Når ein offentleg oppdragsgjevar skal inngå ei tenestekontrakt med ein ekstern leverandør, er utgangspunktet at kontrakten må konkurranseutsettast etter regelverket om offentlege anskaffelsar. I anskaffelsesregelverket er det fleire unntak frå dette utgangspunktet - oppdragsgjevar kan tildele tenestekontraktar direkte til eit anna offentlegrettsleg organ, utan konkurranseutsetting, dersom visse vilkår er oppfylt. Aktuelt grunnlag for unntak i høve tømming av slam i SUM sine eigar-kommunar er no einerett, jf. ovanfor.

I forskrift om offentlege anskaffelsar § 2-3 er det opna for unntak frå anskaffelsesregelverket ved tildeling av tenestekontrakt til eit organ som har einerett til å utføre den aktuelle tenesta. Omsynet bak dette unntaket er primært å legge til rette for at krava til konkurranse kan settast til side for tenester av allmenn interesse som ein offentleg oppdragsgjevar bør ha hand om fordi det ligg føre særskilte behov for det, jf. Vedlegg Lov og forskrift om offentlige anskaffelser med kommentarer (2018), s. 192.

Det går fram av anskaffelsesforskrifta § 2-3 at korkje lov om offentlege anskaffelsar eller forskrifta gjeld for

tjenestekontrakter som oppdragsgiveren inngår med en annen oppdragsgiver som har en enerett til å utføre tjenesten. Dette gjelder bare når eneretten er tildelt ved lov, forskrift eller kunngjort forvaltningsvedtak som er forenlig med EØS-avtalen.

For at unntaket i § 2-3 skal kunne nyttast, må fire vilkår vere oppfylt:

- Organet som blir tildelt kontrakten må sjølv vere ein offentleg oppdragsgjevar i tråd med forskrifta § 1-2.
- Det må vere tale om ei tenestekontrakt.
- Organet må ha fått tildelt ein einerett på vedkommande tenesteområde i samsvar med lov, forskrift eller kunngjort

forvaltningsvedtak.

- Tildelinga må kunne sameinast med EØS-avtalen.

Nærare om tildeling av einerett og kontrakt

Ein einerett kan tildelast i samsvar med lov, forskrift eller kunngjort forvaltningsvedtak, og må kunne sameinast med EØS-avtalen. Gjennom ureiningslova er kommunane gjeve monopol for tømming av slam.

Det følgjer av lovas § 26 første ledd at kommunen skal *“sørge for tømming av mindre reinseinnretningar som slamavskillere og samlekkummer for avslamming av sanitært avløpsvann og overvann. Det samme gjelder for oppsamlingstanker med ubehandlet sanitært avløpsvann”*. Vidare går det fram av tredje ledd i same føresegn at *“Kommunen skal sørge for tømming av privet i tettbygd strøk, og utenfor tettbygd strøk i den utstrekning kommunen bestemmer det”*. Kommunen sine plikter etter første ledd gjeld berre mindre reinseinnretningar frå bustadhus og liknande. Reinseanlegg for hotell, industri og anna større verksemd fell utanfor. For slike anlegg må den ansvarlege sjølv sørgje for tømming, men kommunen skal ha anlegg for å ta imot kloakkslam også frå slike anlegg.

Gjennom dei nemnde reguleringane har kommunane sjølv i realiteten einerett til tømming av slam. Det er på det reine at kommunen kan tildele eineretten vidare til SUM så lenge tildelinga også kan sameinast med EØS-avtalen.

Sameining med EØS-avtalen

For spørsmålet om sameining med EØS-avtalen blir det vist til vurderinga og grunngjevinga i saksutgreiinga for sak 043/19 som også er dekkande for denne saka.

Andre vilkår for tildeling av einerett og kontrakt

Reint formelt vil vilkåret om tildeling av einerett bli oppfylt ved at det blir fatta vedtak om dette i kvar enkelt eigarkommune. Vidare må vedtaka kunngjerast.

Under den føresetnad at eigarkommunane vedtar å tildele SUM einerett for tømming av slam, kan det deretter inngåast kontrakt mellom eigarkommunane og SUM. Som nemnt ovanfor, er det i denne samanheng eit krav at organet som blir tildelt kontrakten, altså SUM, må vere ein offentlig oppdragsgjevar i tråd med forskrifta § 1-2, samt at kontrakten som blir inngått er ei tenestekontrakt.

Det er på det reine at SUM oppfyller kravet om å vere ein offentlig oppdragsgjevar. SUM fell inn under det som i § 1-2 er omtala som eit «offentligrettslig organ» - selskapet er oppretta for å utføre lovpålagde renovasjonstenester, og dette er oppgåver som blir vurdert å tene allmennheita sine behov. Selskapet er ikkje oppretta for å skape inntening, og er ikkje av forretningsmessig karakter. SUM er vidare eit sjølvstendig rettssubjekt finansiert ved sjølvkostprinsippet og underlagt eigarkommunane sin kontroll.

Vilkåret om tenestekontrakt er også oppfylt, ettersom tømning av slam er ei teneste.

Oppsummering og tilråding

Ei tildeling av einerett til SUM for tømning av slam i kommunane Førde, Gaular, Naustdal, Jølster, Fjaler, Hyllestad og Askvoll blir vurdert å vere grunngjeven i tvingande allmenne omsyn som ein tildelt einerett vil vere eigna til å ivareta, jf. vurderingane i saksutgreiinga for sak 043/19 som gjeld tilsvarande for denne eineretten. Andre, mindre inngripande midlar vil ikkje i tilstrekkeleg grad kunne ivareta desse omsyna, og rådmannen vurderer det difor slik at einerettstildelinga kan sameinast med EØS-avtalen.

Alle vilkåra i forskrift om offentlege anskaffelsar § 2-3 er etter dette oppfylt. Kommunen blir på denne bakgrunn råda til å tildele SUM einerett for tømning av slam. Når eineretten er tildelt, vil eigarkommunane kunne inngå aktuelle kontraktar med SUM utan å gjennomføre konkurranseutsetting etter lov og forskrift om offentlege anskaffelsar.

Som ein del av vedtaket bør det også opnast for at SUM skal kunne delegere eineretten vidare til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2). SUM vil med ei slik opning ha moglegheit til å ta nødvendige grep for ei hensiktsmessig organisering og strukturering av verksemda.